



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Kokk/institusjonskokk - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Meland Sjukeheim har eit institusjonskjøkken der det vert produsert måltid til bebuarar ved Meland Sjukeheim. Det vert også laga varm middagar til brukarar av heimetenesta og dagsenteret.

Det er ledig 100% fast stilling som kokk/institusjonskokk frå 01.11.2019.

### Arbeidsplass

Meland Sjukeheim har denne visjonen:  
Omsorg med livsglede og kompetanse.

Våre verdiar er:

Respekt - Tillit - Livsglede.

Meland sjukeheim har desse avdelingane:

- Korttidsavdeling - Solkroken
- Langtidsavdeling - Nordgardstunet og Lerketunet
- Dagsenter for eldre
- Institusjonskjøkken

### Arbeidsoppgåver

Arbeidsoppgåver er m.a.:

- tillaging av ulike matrettar, tradisjonell norsk mat og diettar.
- sørge for at kjøkkenet serverer trygg mat av høg kvalitet og er næringsmessig godt sammansett
- utføre ulike oppgåver td varebestilling mm

### Kvalifikasjonskrav

Fagbrev som kokk/institusjonskokk.

Erfaring frå institusjonskjøkken eller anna kjøkkendrift er ynskjeleg

Personlege eigenskapar vil bli vektlagt:

- gode samarbeidsevner
- evne til å arbeid sjølvstendig og i team
- evne til å ta initiativ, finne løysingar, vera fleksibel
- gode evner til kommunikasjon, relasjonsbygging og meistra norsk språk
- vere ryddig, effektiv og arbeide plan-messig
- vere konstruktiv, positiv og ha godt humør

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 15.09.2019

Utlyst dato 23.08.2019

Vårref

180/19

### Kontaktperson

Kirsten Marie Husebø, Kjøkkensjef, tlf: 56171223, kirsten.marie.husebo@meland.kommune.no